

# Skalden frå Sæheim

Johs. M. L. Rydland 1890-1965

Rydland hadde vakse opp i ei ekte bondebygd og var frå tidleg av vel kjend med både slitet og hugnaden gardsarbeidet kunne gjeva. Dette diktet som han har skrive til minne om far sin, er i høgste grad ei hyllest til dei mange slitarane som fanst kring på gardane i Nordhordland. Me som hugsar tida før «maskinalderen» sette inn, kjenner dei så vel att og ser dei levande for oss slik Rydland skildrar det i diktet

## EIN SLITAR

Til minne om far min, ei rune eg ritar —  
Eg hugsar han var i sin bunad ein slitar.  
Han dugde kje mykje med penn og som skrivar.  
Men bortpå eit nybrot, der var han ein drivar.

Med krokutte rygg over hakka og spade  
når fjellknausen stygg i ei eng gjorde skade —  
med borar og feisel, med sleggja og spette,  
med kilar og meisel, det vart til ei slette.

Eg minnest han — våt — utav rennande sveitte.  
Såg buskapen — kåt — på hans attlega beitte.  
Eg såg han — til knes — i dei gjørmutte veiter.  
Eg såg han — tilfreds — på dei nyrudde beiter.

Med verkjande arm og med skjelvande neve,  
so ihuga, varm, han på nytt gjekk til streve.  
Når teigen låg nyrudd, og trøytt han seg kvilte  
so inderleg velnøgd han sat der og smilte.

Her rudd og spadde bå' «Basten» og faren.  
Og difor, han hadde slik kjærleik til garden.  
Den stetta hans trøyst, Her var livsminne dyre  
om odel og arv, og den sett som for føre.

Det var kje so greidt i hans tid for ein bonde.  
Der vanka kje feitt, for dei åri var vonde.  
Han ofte på borg fekk den maten han nøytt.  
Men gløymde si sorg når sitt nybrot han brøytt.

JOHS. M. L. RYDLAND